

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Roald Kvingedal	FA - K12	18/406

Saknr	Utval	Type	Dato
009/2018	Teknisk utval	PS	11.09.2018
097/2018	Formannskapet	PS	28.11.2018
070/2018	Kommunestyret	PS	13.12.2018

Verneområdet for hummar - Kjekallevågen

Vedlegg:

Journalposttittel

Forslag til verneområde for hummar i Kjekallevågen/Austfjorden (Fensfjorden)

Dato

01.06.2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune støtter planen om at det vert etablert verneområde for hummar i Kjekallevågen slik det er vist i vedlagde brev av 22.05.2018.

Saka vert sendt over til Fiskeridirektoratet til vidare handsaming.

Eventuelt prøvefiske må skje med Havforskningsinstituttet som fagleg ansvarleg, og finansiering av dette vert å koma attende til når fredningssaka er avgjort.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Saka gjeld igangsetting av arbeid med verneområdet for hummar i Kjekallevågen. Det vert vist til vedlagde brev frå Kjell Nedreaas dagsett 22.05.2018.

Saksgang

Saka går først til teknisk utval, som innstiller vidare til formannskapet og deretter til kommunestyret. Dersom kommunestyret er positivt vert saka sendt vidare til Fiskeridirektoratet. Kopi av saka med vedtak går også til Lindås kommune.

Kommunane sitt arbeid

Likelydande brev med forslag er sendt til Lindås Kommune.

Fakta

Saka gjeld initiativ til oppstart av arbeid med verneområdet for hummar i Kjekallevågen. Saka skal til teknisk utval med innstilling vidare til formannskapet og deretter kommunestyret. Dersom kommunestyret er positivt vert saka sendt vidare til Fiskeridirektoratet.

Det kom fram at omlag 5 prosent av hummaren vandra ut av bevaringsområdet og vart fanga av hummarfiskarar. Andre studiar har også vist at hummaren lever lenger i bevaringsområde. Å etablere fredingsområde blir difor sett på å vere eit godt tiltak for å få populasjonen av hummar til å auke.

I 2006 vart det innført fire fredingsområde for hummar på Skagerrakkysten. Storleiken på områda varierer frå cirka 0,5 til cirka 1 kvadratkilometer og det er berre lov å fiske med krokreiskap. I 2017 vart område kring Nesoddtangen (indre Oslofjord), i Kvitsøy kommune

Det vert vist til vedlagde brev frå Kjell Nedreaas dagsett 22.05.2018.

Når de gjeld spørsmål om finansiering av eventuelt prøvofiske er det noko rådmannen meiner kommunen kan koma attende til om/ når fredningsområdet vert vedteke. Uansett kan det ikkje takast midlar frå fiskefondet, sidan det står følgjande i retningslinene som er vedteke av kommunestyret:

§ 1 Føremål.

Fondet skal nyttast til tiltak som kan fremja innlandsfisket i Masfjorden kommune etter kommunestyrets bestemmelsar.

Vurdering

Kjekallevågen har det frå tidlegare vore gode forhold til hummar, og det har vore eit godt fiske. I dei seinare åra har hummarbestanden gått kraftig ned. Det verkar difor føremålsteneleg å å iverksettja tiltak for å auke hummarbestanden i Kjekallevågen. Ein av tiltaka er å freda området inne i Kjekallevågen i ein periode på 5 år.

Kjekallevågen er avgrensa av 2 kommunar Masfjorden og Lindås, det er difor viktig a at begge kommunane er samde i fredninga og at dette vert samordna av Fiskeridirektoratet.

Konklusjon

Masfjorden kommune er positiv til innføring av verneområdet for hummar Kjekallevågen i ein tidsperiode på 5 år.

Teknisk utval - 009/2018

TU - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

TU - vedtak:

Masfjorden kommune støttar planen om at det vert etablert verneområde for hummar i Kjekallevågen slik det er vist i vedlagde brev av 22.05.2018.

Saka vert sendt over til Fiskeridirektoratet til vidare handsaming.

Eventuelt prøvefiske må skje med Havforskningsinstituttet som fagleg ansvarleg, og finansiering av dette vert å koma attende til når fredningssaka er avgjort.

Saka vert meldt vidare til planutvalet.

Formannskapet - 097/2018

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til endring av første setning:

Masfjorden kommune støttar planen om at det vert etablert verneområde for hummar i Kjekallevågen frå nordsida og sørover slik det er vist på kart i søknaden.

Framlegg til vedtak frå med endringa jobba fram i møtet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune støttar planen om at det vert etablert verneområde for hummar i Kjekallevågen frå nordsida og sørover slik det er vist på kart i søknaden.

Saka vert sendt over til Fiskeridirektoratet til vidare handsaming.

Eventuelt prøvefiske må skje med Havforskningsinstituttet som fagleg ansvarleg, og finansiering av dette vert å koma attende til når frednings-saka er avgjort.

Kommunestyret - 070/2018

KS - behandling:

Saka vart drøfta.

Ragnvald Tangedal (Ap) og Tove Kristin Sleire Tistel (V) gjorde merksam på at det vedtaket som ligg i saka frå teknisk utval ikkje er rett vedtak. Vedtaket skal vere at saka vert trekt og søknaden spelt inn til kommuneplanarbeidet.

Frode Langhelle (H) sette fram følgjande framlegg:

Saka vert sendt attende til administrasjonen for vidare handsaming.

Framlegg til vedtak frå H vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Saka vert sendt attende til administrasjonen for vidare handsaming.